



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 5. oktober 2017

NVE

## TILLEGGSFRÅSEGN – SØKNAD OM BYGGING AV SANDÅA KRAFTVERK I HALSA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. 201305202-8 Arkiv: 312 / 113.4Z

Etter gjennomført synfaring 30.8.2017 vil Naturvernforbundet spele inn følgjande:

### 1. Mellombels veg frå brua over Sandåa og opp til inntaksdam

På strekninga går det noko som kan reknast som eit traktorspor eller ein dårleg traktorveg, no attgrodd i stor grad, svært nær elva. Oppgradering av denne til mellombels veg vil være eit betydeleg inngrep i denne delen av prosjektet. Det er dessutan så nær elva at t.d. skogbruket ikkje får lov å hogge kantvegetasjon så nær elva, og det vil heller ikkje vere høve ved nydyrking å gjere inngrep så nær elva.

### 2. Røyrtraseen

Røyrtraseen frå nemnte bru og opp til inntaket er planlagd i skog som etter det vi såg går gjennom varierende blåbærskog/svak lågurtskog/lågurtskog. Det er eit par svake sig der ein kan sjå eit par individ av artar som sumphaukeskjegg og fjelltistel. Det kan tyde på at det ikkje er dønn fattig, men ikkje så mykje meir heller. Eit par myrflekkar ga same inntrykk.

### 3. Vegetasjon langs elva

På synfaringa var vi nedom elva ein stad der vi synte fram eit par stokkar som låg på breidda og held seg heilt fuktige. Det er ikkje mykje daudved i elvelaupet som kan vere bustad for fuktavhengige artar som fakkeltvedbladmose og liknande. Men det finst. Dei nemnte stokkane ligg ikkje direkte i vatnet, men held seg fuktige som følgje av fuktigheit i vegetasjonen på elvebreidda. Det er heller ikkje fossesprut eller fosserøyk på staden, men mindre vassføring og særleg redusert vassføring over lengre periodar vil ganske sikkert føre til mindre luftfuktigheit som vil påverke

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

slike stader.

Litt lenger ned fann vi ein stad med vegetasjon som ser ut til å vere noko kalkpåverka på ein liknande stad. Det var ingen stor flekk, men tilstrekkeleg til at det kan vere spesielle artar der, sjølv om det ikkje er nokon naturtypelokalitet utover å vere ein del av bekkekløfta, mellom anna fordi plassen ikkje er direkte solekspontert.

Sjølv på såpass låg vassføring som den 30.8.2017 er det delvis vanskeleg å få sett over slike stader langs Sandåa. Det er slike område som ikkje kan kartleggast ved å ta med seg noko i ein plastpose og syne fram for ekspertar, jf. rapporten frå Høitomt og Gaarder.

#### **4. Kraftstasjonsplassering med veg og nedste del av røyrgate**

Vi fekk no påvist av søkjar kvar kraftstasjon, veg til kraftstasjon og nedste delen av røyrgata er tenkt. Røyrgata kan bli utfordrande nok, sidan ein må ganske djupt ned i den vesle dalen som går på tvers av skråninga langs elva.

Med tilgrodde lausmassar i rasvinkel ned mot elva, vil ein stasjonsbygning på nokre meter og ein veg med 3-4 meter breidde og høveleg svingradius måtte gå inn i desse lausmassane på ein temmeleg brutal måte. Lausmassane lenger ned ser ut til å vere sårbare for utgliding når ein tar vekk ein del vegetasjon, og det må ein nok legge til grunn også gjeld ved omsøkte kraftstasjon, så lenge det ikkje finst grunnundersøkingar som viser noko anna.

Det blei nemnt under synfaringa at ein må prøvegrave i traseane når ein kjem så langt og at vegplassering må fastsetjast under detaljprosjekteringa. Verknaden av vegbygging i dette området er sannsynlegvis ingen detalj. Det må i alle fall fastsetjast ytre rammer i samband med konsesjonsvedtaket for kor stort område som denne detaljprosjekteringa må skje innanfor. Så vidt vi kan sjå vil ei stor osp som er påvist og olivenlav som er påvist på kvar si side legge avgrensingar, viss ein ikkje skal sjå bort i frå dei. Det siste bør ein ikkje gjere.

#### **5. Sumverknad/samla belastning, fossesprøytonar og bekkekløfter i regionen**

Fylkesmannen har i si fråsegn gått nærare gjennom kva som finst av kjente lokalitetar av fossesprøytonar i regionen. Dei er så få at vi må ta godt vare på dei vi har igjen. Sidan vi har så få spesialistar på mellom anna mose under slike tilhøve, verkar kunnskapen om artane i desse områda tilstrekkelege heilt til ein slik spesialist får brukt litt meir tid, og då er det ofte ikkje tilstrekkeleg kunnskapsnivå lenger likevel. Det viser kor nødvendig det er å la slike vassdrag bli rennande urørt av kraftutbygging.

#### **6. Kartlegging**

Vi gjorde ca. 65 nye artsobservasjonar 30.8. Desse er lagt inn på [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no). Området er vanskeleg å vurdere, fordi det truleg er i ein overgangsfase. Vi trur ein betydeleg del av området har vore sterkt beitepåverka for nokre tiår tilbake. Ein del kontinuitetsmangel knytt til skog kan forklarast med ei slik historie. Samtidig finn ein element, som t.d. gulrandkjuke på ei furu, som kan tyde på at det finst noko der likevel. Når ein kjem lenger opp i dalen, er det mogleg at det har vore noko edellauvskogsinnslag der det no er granplantefelt. Vegetasjonssona nærast elva kan moglegvis ha meir kontinuitet enn det ein trur når ein ser på resten av området. I røyrгатetraseen har ein no ganske bra oversyn. Langs traktorvegen har ein vel også ei oppfatning. I bakkane ved omsøkt

kraftstasjon er det spreidde funn av artar som fortel at det kan vere litt her og der. Det som er svakast kartlagd er vegetasjonen nær sjølve elvestrengen, særleg den delen som kan bli påverka av endra vassføring. Her er det nokre, moglegvis store, kunnskapshol.

### **Konklusjon**

Nesten heile rørtraseen ser ut til å vere grei nok, resten av prosjektet er stort sett problematisk. Søknaden må avslåast.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar



I mørkret til høgre finst det moesamfunn påverka av fukt frå elva. Lågare vassføring, ikkje minst over lengre periodar, vil kunne påverke slike stader negativt med omsyn til nisjeartar. Det kan vere tale om ei lita endring, frå akkurat nok, til akkurat at det ikkje er nok.



Lagdelinga i fjellet gjer sitt til at det er vanskeleg å få undersøkt ein del område. Eit lite parti litt til venstre for midten av dette biletet, innunder berget, blei undersøkt 30.8. og viste seg å ha ein del artar som indikerer kalkpåverknad. Innimellom steinblokkane såg det ut til å vere konstant fuktpåverka slik det er no, men det kan nok endre seg viss det blir lågvassføring over lengre periodar. Det er altså ikkje berre fossesprøytonene som blir påverka av vassføringa.